

PALMESØNDAG 2021



Medan Jesus var i Betania, heime hos Simon den spedalske, kom det ei kvinne bort til han med ei alabastkrukke med dyr salve. Den helte ho ut over hovudet hans medan han låg til bords. Då læresveinane såg det, vart dei arge og sa: «Kva skal slik sløsing tena til? Denne salven kunne vore sold for mange pengar som kunne gjevast til dei fattige.» Men Jesus merka det og sa til dei: «Kvífor plagar de henne? Ho har gjort ei god gjerning mot meg. Dei fattige har de alltid hos dykk, men meg har de ikkje alltid. Då ho slo denne salven ut over kroppen min, salva ho meg til gravferda mi. Sanneleg, eg seier dykk: Overalt i verda der dette evangeliet blir forkynt, skal det ho gjorde, bli fortalt til minne om henne.» (Matt 26,6-13)

Heilage Gud, eg sit her, for ditt andlet
for å møta din kjærleik og di sanning.
Send meg din Ande
og gjer meg open for det som du vil gje meg.
Lat ordet ditt slå rot i hjartet mitt,
Så Kristus lever i meg,
og eg kan tene deg i alle ting. Amen

Far i himmelen.
Takk for at du skapte oss,
og takk for at du skapte jorda vi bur på.
Takk for at du kjenner oss og elskar oss.
Hjelp oss til å ta vare på kvarandre og på alt det du har skapt.
Gud, vi bed.


Kyrkja si fredsbøn:

Allmektige, evige Gud, du som kan leia og bøya menneskehjarte,
vi bed deg: Hjelp og styrk alle dei som i dag har det store
ansvaret for fredssaka i verda. Ta i di mektige hand leiarane i
nasjonane, vend hjarta deira til deg og gjev dei kraft i striden
mot alt som vil forføra oss til det som vondt er.

Gjev fred på jorda, og hjelp di kyrkje til å fremja freden mellom
folka. Vern vårt folk og våre heimar mot krig og splid, og lat oss
byggja og bu i fridom og fred i dette kjære fedrelandet vårt som
du har gjeve oss. Hjelp oss å tena deg med truskap og saman
med alle folk på jorda å stå faste i striden mot det vonde, ved
Son din, Jesus Kristus, vår Herre, som med deg og Den Heilage
Ande lever og råder, éin sann Gud frå æve og til æve.

Snøsong


"Det å sitja og sjå på eit fjell
gjer meg godt
hjarta blir roleg
og snøen på eit fjell
lyfter andletet mitt mot ein stad
inne i den skimrande snøen
og snøen
i lyset
seier meg
det er deg det gjeld
og då trur eg
at det finst ein stad
som også eg skal finna
der vinden snakkar lågt
og der kjærleik andar
i si lyse stille
av himmel og av jord
og er ein stad for kvile
i ei sky som driv forbi".
(Jon Fosse)



Jesus Kristus, audmjuke konge,
du kom til oss, fornendra og fattig.
Vi bed deg: Forson oss med Gud og med kvarandre.
Lær oss å gje avkall på vårt eige og følgje deg,
du som med din Far og Den heilage ande lever og råder
ein sann Gud frå æve til æve.
Amen.

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda
slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege
brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre
skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i
freisting,
men frels oss frå det
vonde.
For riket er ditt, og makta
og æra
i all æve. Amen.



Herren velsigne deg og vare deg.
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.
Amen.

Vi ynskjer alle ei god påske. Du finn oss på facebooksida til Kyrkja i indre Nordfjord, og til dei lokale kyrkjelydane, og du finn oss på heimesida vår <https://stryn.kyrkja.no/>. Kring kyrkja finn du ei Håpsvandring, og i Stryn sentrum ei krossvandring.